

Vestland fylkeskommune

post@vlfk.no

Knarvik, 26. mars 2021

Høyring Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021 – 2023

Regionrådet i Nordhordland viser til invitasjon til å koma med høyringsinnspel til Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021 – 2023.

Vestland ønskjer å bli det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon, og har tre satsingar:

- Grøn næringsutvikling
- Innovative og inkluderande samfunn
- Areal til næringsutvikling

Regionrådet er samd i at næringslivet i Vestland står i ein svært dramatisk situasjon som følgje av pandemien, men også som konsekvens av noverande og kommande omstilling innan olje- og gassindustrien. Det er derfor særdeles viktig at Vestland har som ambisjon å vera i front i det grøne skiftet. Det er ei viktig regional oppgåve for fylkeskommunen å leggja til rette for innovasjon og næringsutvikling i dialog med alle aktuelle partar i fylket.

Planen skal leggja til rette for å identifisera næringar og verdikjedar som må utviklast i framtida. Dette har Nordhordland Næringslag, Alver kommune og Region Nordhordland tatt fatt på ved å bestilla scenarioanalyse for Nordhordland. Denne vil gje oss eit solid, lokalt grunnlag for konkrete forslag til satsingar, moglegheiter og barrierer. Det vert lagt vekt på ein regional næringspolitikk der bedrifter som skal kunne lukkast med grøn omstilling, er kjenneteikna av ein open bedriftskultur, risikovilje og evne til å henta inspirasjon og kunnskap internasjonalt og frå andre bransjar.

Regionrådet er samd i at produksjon og næringsaktivitet skal utviklast i ei retning som er meir berekraftig for miljø og klima, og i tråd med FN sine berekraftsmål. Regionrådet viser til at me har fått Unesco-status som Noregs fyrste og einaste biosfæreområde - Nordhordland Unesco biosfæreområde. Målet vårt er at Nordhordland skal sitja i førarsetet med berekraftig utvikling og vera eit modellområde i denne samanheng. Me ynskjer at dette skal visa igjen i kommunal planlegging, men og at fylket ser om dette kan passast inn i prosjekt- / pilotarbeid m.v., slik at me kan få bygd ei merkevare rundt Unesco-statusen.

Det er veldig bra at Vestland fylkeskommune har fått utarbeidd «Vestlandsscenarioene 2020». Analysen gir retning for korleis me skal lukkast i det grøne skiftet. Den regionale planen for innovasjon og næringsutvikling byggjer vidare på denne analysa, noko som legg til rette for at Vestland kan sitja i førarsettet i prosessen.

Fylket, regionar, kommunar, og næringsliv m.m. har no eit felles kunnskapsgrunnlag som viser at Vestland har dei aller beste føresetnadane for å lukkast i ei grøn omstilling. Scenarioanalysen peikar på korleis Vestland kan stå fram som den leiande regionen i Europa for innovasjon, forsking og utdanning knytt til havnæringar og fornybar energiproduksjon. Skal me lukkast med dette, må tiltak og samarbeid mellom fylke, regionar, kommunar og næringslivet samordnast og ha ei strukturert satsing framover. Dette vil

kunne gje auka mobilisering i næringslivet og ein meir samordna innsats og verkemiddelbruk frå det offentlege.

Fornybar energi, olje og gass, marin sektor, maritim sektor og prosessindustri er særsviktige næringar i Region Nordhordland. Regionen har særsvide føresetnader for å lukkast med å ta ein leiande posisjon i eit berekraftig grønt skifte, med store og aktive industriområde i Fensfjordbassenget med veksande næringsparkar, svært dyktige teknologiverksemder i Osterøy og andre kommunar, og ikkje minst mykje tilgjengeleg næringsareal.

Regionrådet vil understreka at ein ikkje må snakka ned olje- og gassindustrien. Det er framleis tusenvis av arbeidsplassar i denne sektoren, og det vil det vera i mange år framover. Olje- og gassindustrien dannar eit unikt fundament og har alle moglegheiter til grøn omstilling grunna den kunnskap og kompetanse som ligg her. Omstilling og nedbygging må derfor skje gradvis og kontrollert, og det må basera seg på tett samarbeid mellom det offentlege og næringslivet.

I regionen er det mange aktørar som jobbar aktivt og godt saman om næringsutvikling som industriaktørar, næringslag, Industriutvikling Vest, Klar Bedrift, Invest in Bergen, Osterøy Utvikling, Vaksdal næringsselskap, kommunane og Regionrådet. Samarbeid må heile tida utviklast vidare, ein må ha tydeleg rolleavklaring, det må tenkast smart og ein må forsetja med stor satsing innan digitalisering.

Green Spot Mongstad og Grøn konkurranseskraft er to større utviklingsprosjekta innan sirkulærøkonomi og berekraftig bruk av fornybare og ikkje-fornybare ressursar i Nordhordlandsregionen. Det same var samarbeidet om søknaden på batterifabrikken, men som dessverre ikkje nådde opp.

«Vestlandsscenarioene 2020» fekk tydeleg fram at verdiskapingspotensialet i Vestland vert utløyst for alvor først når fleire regionar med ulike konkurransesfortrinn finn kvarandre. Komplementære regionar skal forsterke kvarandre, ikkje konkurrera. Det er positivt at Vestland ser på korleis regionane kan utfylla fylket i det vidare arbeidet med det grøne skriftet. Regionrådet ser fram til vidare prosess og tett samarbeid.

Samordna regional innsats prega av god dialog med heile fylket blir viktig. Det er derfor avgjerande at Vestland følger opp den gode intensjonen om å ta heile fylket i bruk – og at dette vert sentralt i planarbeidet. Her vil Regionråda kunne ha ei viktig rolle.

Det breie involveringa som planen legg opp til frå kommunar, regionar, fylkeskommune, stat og næringane er eit godt utgangspunkt for å kunne lukkast. Det er også viktig her at fylket legg til rette for at kommunane kan vera ulike av innhald og storleik. Små og store kommunar har ulike behov for planar og kva dei skal ha av tiltak. Tiltak og planar må derfor kunne tilpassast dei ulike kommunane der det er hensiktsmessig. For at det skal kunne skje må me alle vera med på å løfta fram fellesskapet, men samstundes ta omsyn til ulikskapen mellom kommunane. Det er derfor framifrå at Vestland uttalar at me skal bli verdsmeistarar i samarbeid.

Generelt og organisering

Planen legg opp til at Bergen skal vera motor for innovasjon og næringsutvikling i samspele med resten av Vestland. Dette er me samd i, Bergen er byen for oss alle – og her ligg universitetet og høgskulen og mykje av innovasjonsmiljø. Det må likevel avklårast nærmere kva fylket legg i dette - og det må vera tydeleg korleis Bergen og resten av fylket skal spela saman! Vidare må Vestland vera tydeleg på korleis ein vil bruka regionane / dei regionale sentra aktivt i dette arbeidet.

Regionrådet vil understreka at ein stor del av verdiproduksjonen skjer ute i distrikta - i bedriftene - og på arbeidsplassane, og at ein her finn sterke fagmiljø. Fylket må ha ein tydeleg plan for korleis ein involverer desse. Her er det svært viktig med ein tett og god dialog mellom fylket / fylket sine avdelingar og regionråd / kommunane.

Ungdomen er framtida vår, dei må vera godt representert i ulike prosessar.

Vestland fylke må sjå nærmere på samordning / samanslåing av verkemiddelapparatet, for dermed å skapa sterkare aktørar med større og breiare fagmiljø.

Infrastruktur og digitalisering

Infrastruktur, veg, kraft, tele/ fiber, er grunnleggjande i all næringsutvikling, både omstilling og nytablering. Desse er av dei viktigaste premissane og heilt avgjerande for at regionane og kommunane skal lukkast med å få til innovasjon og næringsutvikling. Skal ein oppnå innovative og inkluderande samfunn må ein derfor halda fram med satsinga på digital infrastruktur. I vår region finnест det framleis fleire «blindsoner» både med tanke på mobildekning og fiber/breiband. Slike blindsoner er ekstra utfordrande i handteringa av konsekvensar av Covid-19.

Vegnettet er sjølvsgart også avgjerande for nærings- og samfunnsutviklinga. Region Nordhordland har mykje tal km fylkesveg, og med mykje dårlig standard, og det er derfor viktig at fylket satsar mykje meir på vedlikehald og utbetring av fylkesvegane.

Kraftforsyning og forsyningstryggleik

Vestland er Norges største kraftprodusent og dette er eit av våre store fortrinn som må utnyttast mykje betre enn det me klarar i dag. Skal me få til grøn omstilling i stor skala, må me ta i bruk krafta sjølv. Vestland og Nordhordland fekk ikkje batterifabrikk med inntil 2000 tilsette, noko me frykta på førehand grunna manglande forsyningstryggleik. Dette er eit paradoks når me veit at store delar av krafta som vert produsert i Vestland, vert send ut av fylket. Det er derfor viktig at Vestland framleis jobbar hardt for å sikra at me har nok kraft til ei satsing på grøn omstilling.

Våre vasskraftanlegg må moderniserast slik at dei kan produsera meir grøn kraft. Staten må sørge for at rammevilkår som skatt vert tilpassa til føremålet om auka produksjon av grøn energi. Dette er ei viktig oppgåve for Vestland fylkeskommune å jobba med.

Vindkraft i urørt natur møter massiv motstand i befolkninga. Utbygging av vindkraft bør derfor sjåast i samanheng med eksisterande industriområder der ein ikkje må gjera store inngrep i urørt natur. Etter kvart som flytande vindkraft kan forsvarast økonomisk bør dette vurderast, men det er heller ikkje konfliktfritt.

Havbruk

Havbruk og havnæringer vil vera ei viktig framtidsnæring. Denne næringa møter i dag massive utfordringar i Nordhordland og elles i Vestland. Fylket må bidra til å leggja til rette for at vilkåra bransjen vert mykje meir føreseielege, og at ein får eit meir oversiktleg byråkrati enn det me har i dag. Dette må skje raskt slik at bransjen ikkje flyttar vekk. Regionrådet er no godt i gang med arbeidet med Interkommunal plan for sjøareal for Region Nordhordland (som omfattar alle 8 medlemskommunane). Me håpar at fylket og andre offentlege instansar vil bidra i dette arbeidet slik at me kan få avklart bruk av sjøareal framover med tanke på havbruk og andre havnæringer knytt mot landstripa.

Andre næringar

Andre næringar som reiseliv og landbruk må løftast fram og satsast på. Her vil berekraftig satsing vera viktig.

Kompetanse

Rekruttering med riktig kompetanse er grunnpilar i næringslivet og i all omstilling. Utdanninga i vidaregåande skular, og også høgskular / universitet, må tilpassast det lokale næringslivet slik at ein greier å skaffa riktig arbeidskraft til industri i omstilling. Det er ei stor og viktig oppgåve å hindra fråfall og

utanforskap, me viser her til at innovative og inkluderande samfunn er ei av tre hovudsatsingar i planen. Ungdom må derfor kunne utdannast der dei bur, og Vestland fylkeskommune må forsterka eit desentralisert utdanningstilbod i heile fylket. Regionen Nordhordland har saman med kommunar og næringslaget jobba for å få på plass utdanningstilbod i havrelaterte næringar då havbruk og fiskeri vil vera svært viktige pilarar i ei berekraftig framtid.

Smart spesialisering

Smart spesialisering må skje i sterke og etablerte industribedrifter og industrimiljø. Knoppskyting og innovasjon skjer i etablerte bedrifter. Det må derfor vera aktivt samspele og medverknad mellom FoU-miljø og bedriftene i fylket. T.d. har Osterøy lang tradisjon for innovasjon og gründerverksemd. Dette har gjort at kommunen har eit solid og variert basert næringsliv, spesielt innan ulike formar for mekanisk industri. Gjennom mange år har det vore eit særskilt godt samarbeid med den vidaregåande skulen. Bedriftene har fokus på det grøne skiftet, og deltek i ulike prosjekt støtta av Innovasjon Norge, fylkeskommunen, VIS, høgskulemiljø m.v. Kommunen er svært oppteken av å støtta opp under den unike gründerkulturen og å vidareutvikla han, mellom anna gjennom Osterøy Utvikling. Det er viktig at fylket støttar opp under denne kulturen, og at ein prøver å få til liknande gründerkultur andre stadar.

Areal til næringsutvikling

Regionrådet er samd i at arealplanlegging knytt til næringsutvikling er å sikra rett, og nok, næringsareal for arbeidsplassane til rett tid. Me er også samd i dei sentrale føringane som er nemnd i planen:

- At ein har rett areal til berekraftig verdiskaping/grøne næringar
- At ein har berekraftig areal til akvakultur
- At planar er oppdaterte, og at planlegginga er kunnskapsbasert
- At det regionalt vert kartlagt viktige areal for næring og viktige område som ikkje skal byggast ut, samstundes som at det vert tatt omsyn til jordvern / vern av landbruksareal
- At det vert arbeidd for meir interkommunal planlegging knytt til næringsareal
- At ein næringsaktørar og bedrifter vert inkludert i planlegging av areal til næringsutvikling

Me er vidare samd om at samarbeid mellom kommunane gjennom t.d. interkommunale planar og / eller interkommunalt samarbeid om plankompetanse kan gjera at ein får meir aktiv jobbing med planar. Dermed får ein også meir oppdaterte planar som legg til rette for betre og tettare samarbeid med næringslivet når det er behov for areal. Dette er eit spanande og dels upløgd område som Vestland og stat kan leggja til rette for saman med kommunane og regionane.

Eksisterande næringsareal

Næringsareal er kommunen sitt fremste verkemiddel i næringsutvikling. Dette gjeld både nye areal, og utvikling av eksisterande næringsareal. Utvikling av allereie etablerte bedrifter er viktig med tanke på det grøne skiftet fram over. På Osterøy har ein t.d. heilt unik kompetanse og samansetning av bedrifter. Det lokale eigarskapet til bedriftene er med å bidrar til at bedriftene omstiller seg i staden for at investorar trekk støtte og heller investerer andre stader, slik ein gjerne ser i bedrifter med mindre lokalt eigarskap og tilknyting. Derfor er det viktig at ein legg til rette for at bedrifter får rom (areal) til å utvikla seg der dei ligg. Kommunane opplever dessverre at urimelege rekkjefylgjekrav set ein stoppar for ei slik utvikling, og då hjelper det lite at det i andre planar er gode ynskjer om utvikling av lokalsamfunna og næringslivet.

Rekkjefylgjekrav

Slik rekkjefylgjekrav vert formulert og fylgd opp no, stoppar det vidareutvikling i mange kommunar, t.d. for bedrifter som ynskjer å utvikla seg vidare. Innovasjon og nyskaping i kommunane skjer som regel gjennom utvikling av næringslivet lokalt. Det er sjeldan at heilt nye bedrifter flyttar til ein kommune, unntak kan vera t.d. oppdrett og datalagring. Dette viser at utvikling i næringslivet i stor grad må skje i lokale bedrifter og derfor er desse avhengige av å få utvida sine areal for å skapa ny vekst og innovasjon innanfor sitt felt.

Gjennom planmessig utvikling og avklaring i kommuneplanen arbeider bedriftene med reguleringsplanar i tråd med overordna plan for utviding og nyskaping/innovasjon. Grunna rekkjefylgjekrav frå stat og fylke med store kostnadars til infrastruktur, klarar ikkje bedriftene å realisera planane. Planprosessane går i årevis for å finna løysingar som er mogleg å gjennomføra økonomisk. Dette arbeidet lukkast ein ikkje med, og bedriftene gir opp. Det er på høg tid å gjera noko med ufornuftige rekkekjefylgjekrav som stoppar utvikling i kommunane. Kommunane opplever svært lite løysningsorientering frå regionalt nivå. Kommunane føler dei blir tvunge til akseptera rekkjefylgjekrav i overordna planar som i neste omgang er øydeleggande for å få gjennom reguleringsplanar m.v.

Urealistiske rekkekjefylgjekrav, ikkje minst på vegsida, stoppar innovasjon- og næringsutvikling i distrikta då dei ikkje er økonomisk berekraftige. Skal ein få til utvikling i distrikta, må rekkjefylgjekrav vera fornuftig. Krava må kunne differensierast ut frå reell viktighet, dvs. ved låg ÅDT og låg risiko kan ikkje samfunnet prioritera same ressursbruken som i sentrale strøk. Me meiner at stat og fylke har større rom for skjøn enn det som vert praktisert.

Fylkeskommunen og statlege styremakter må vera på lag med kommunane og bedriftene som ynskjer vidareutvikling av lokalt næringsliv. Regionale planar må ikkje vera til hinder for utvikling i kommunane. Regionrådet meiner at dette må Vestland fylke ta tak og sitja i førarsetet her med tanke på å få til fleksible og realistiske løysingar.

Skal me klara omstilling til det grøne skiftet, er me avhengige av at eksisterande bedrifter får utvikla seg. Så lenge reglane rundt krav til infrastruktur er som dei er, må fylkeskommunen retta større delar av infrastrukturbudsjettet sitt mot å bidra til å løysa ut motsegn som kommunane får når dei prøver det dei kan for å leggja til rette for næringsutvikling og grøn omstilling langs fylkesveg.

Kommunar melder tilbake at det ikkje er fleire næringslivsplanar ein treng, men derimot større mynde til å bestemma over eigen kommune. Dersom statlege eller regionale organ fremjar motsegn mot kommunale planar, må det dokumenterast at ulempene for det statlege eller regionale organet er større enn nyten planen utgjer for kommunen. Dei statlege og regionale organa må ta på alvor at det er kommunane som er planstyremakt i arealsaker.

Statens vegvesen og fylket kan ikkje isolera seg frå avvegingane mellom trafikktryggleik og samfunnsutvikling. Her må ein kunne krevja at styresmaktene i sine innvendingar og motsegner sannsynleggjer korleis ein skal få realisert ønskja utvikling trass i deira krav til fortau m.v. Særstyremakter kan ikkje få sleppa unna med at deira krav er heva over slike vurderingar. Vestland må gjera ei heilsakleg vurdering og ikkje sektorvise vurderingar. Utviklingskonsekvensar må også vurderast saman med eventuelle motsegner.

Statens vegvesen og fylket bør gjennomføra sannsynlegheitsvurderingar. Det skjer ingen redusert risiko for trafikkskader om ingenting vert gjort. Dersom krava er urimelege og gjer utbyggingar ulønsame, har også vegvesen og fylket mislukkast. Deira mandat er å få til reelt betra trafikktryggleik, ikkje planane i seg sjølv.

Rekkjefylgjekrav og konsekvensar for innovasjon og næringsutvikling er eit så viktig område at Regionrådet Nordhordland ber Vestland fylke prioritera å jobba med og finna løysingar som alle involverte kan leva med.

Med venleg helsing

Karstein Totland

Karstein Totland

Leiar

Regionrådet Nordhordland

Rune Heradstveit

Rune Heradstveit

Dagleg leiar

Region Nordhordland IKS

Kopi: Kommunane i Region Nordhordland